

Nettverk maritim historie

Museumssamarbeid med lokale aktører – prosjekt i Sunnhordland 2017-18

Sunnhordland museum er offentlig ansvarsmuseum i sunnhordlandsregionen. For å sikra best mogleg forvaltning, forskning og formidling av regionhistoria er museet avhengig av godt samarbeid med eksterne. Særleg gjeld dette lokale aktører som arbeider med historisk samlings- og formidlingsarbeid.

Sunnhordland museum har få tilsette (åtte stillingar) som skal dekkja åtte kommunar. Dei fleste har arbeidsstad på Stord. Men museumsaktivitetane skal spegla heile Sunnhordland. Då er det nødvendig med gode samarbeidsordningar med aktører i alle kommunane.

I Regional plan for museum 2011-2015 er Sunnhordland museum tildelt ansvaret for mellom anna dokumentasjon og formidling av maritim industrihistorie. Her har museet utvikla både strategi og planar (sjå vedlegg), men det har vore ulike meininger kring korleis det bør løysast i regionen. Sunnhordland museum ønsker å tydeleggjera roller og bidra til å løysa slike samarbeidsutfordringar. Dette prosjektet vil vera ein viktig del av det vidare arbeidet med den industrihistoriske satsinga.

Om prosjektet

Erfaringar frå satsinga på den maritime industrihistoria har vist at det trengst oppdaterte og ryddige samarbeidsformer. I dette prosjektet skal me kartlegga aktører som på ulikt vis arbeider med maritim historie i Sunnhordland. Me vil få fram behova deira, etablere nettverk og dela prosjektresultata med museums-Noreg. Målet er å utvikla ordningar og tenester som òg kan brukast i samarbeid med andre aktører.

Prosjektleveranse 1: Oversikt over aktører

Kartlegginga me vil gjennomføra er ikkje gjort før. Her vil me finna fram til både aktører og behova deira. Basert på dette vil me utvikla ei god, offentlig teneste integrert i museets nettsider. Målet er ei best mogleg oversikt der aktører som arbeider med det same i ulike kommunar enklare skal kunna finna kvarandre. Det vil òg synleggjera den store innsatsen mange friviljuge og private aktører gjer i Sunnhordland, og den breie dokumentasjons- og formidlingsverksemda som blir gjort i ulike samlingar. Basert på erfaringane me gjer oss vil me vurdere å vidareutvikla denne tenesta til å gjelda alle aktører som held på med historiske aktivitetar i regionen.

Prosjektleveranse 2: Nettverk maritim historie

Me vil etablere eit nettverk for aktører innanfor maritimt samlings- og formidlingsarbeid, gjennomføra fellesaktivitetar og tilby ryddige avtalar for samarbeid med regionmuseet. Målet er å få på plass faste, felles arenaer for bistand, opplæring og erfaringsdeling innan tema som:

- Gjenstandsbevaring og samlingsforvaltning
- Støtteordningar
- Venelagsorganisering
- Formidling og arrangørkompetanse

Dette er tema me veit er etterspurde, og slike arrangement vil styrka regionmuseets koordinerande rådgivingsrolle som profesjonelt ansvarsmuseum. Ordningane som kjem på plass skal me bruka vidare i andre samarbeidsrelasjonar museet har, både i regionen og elles i landet. Me skal dela prosjektresultata med museums-Noreg.

Prosjektleveranse 3: Maritim kompetanseløft på regionmuseet

Sunnhordland museum er ein liten organisasjon med utfordrande økonomi, og det er nødvendig at det blir løyvd midlar til å styrka kompetansen når det gjeld industridokumentasjon og -formidling. Dette vil vera viktige arbeidsmiljøtiltak internt, og skal bidra til å styrka omdømmet som profesjonelt ansvarsmuseum i regionen.

Tidsplan 1. november 2017-30. september 2018

Aktivitetar og milepælar	Nov	Des	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep
Prosjektoppstart og erfaringsinnhenting											
Arbeidsmiljøtiltak og internt seminar											
PR og annonsering											
Kartlegging											
Etablering av maritimt nettverk											
Seminar/arrangement i fleire kommunar											
Utvikling nettsider og lansering											
Årskonferanse for lokale aktørar											
Samarbeidsavtalar og brukarråd											
Evaluering/sluttrapport med rekneskap											Okt

Utviklingsprosjektet skal resultera i gode oversikter, nettverk og arrangement som blir del av drifta ved Sunnhordland museum i etterkant av prosjektperioden. Det er også eit ønske å få på plass eit brukarråd for regionmuseet, med brei samansetjing frå aktørar frå alle dei åtte sunnhordlandskommunane.

Prosjektorganisasjon

- Styringsgruppe: Styre ved Sunnhordland museum
- Prosjekteigar: direktør Sunnhordland museum
- Prosjektleiar og nettverkskoordinator: rådgivar Sunnhordland museum
- Nettverk/prosjektgruppe: representantar frå samlingar, lag og organisasjonar i regionen
- Utvikling av nett-teneste og integrering i nettsider: ekstern leverandør

Budsjett

Inntekter	Sum
Hordaland fylkeskommune	380 000
Sunnhordland museum	75 000
Samla	455 000

Utgifter	Sum
Prosjektleiing	200 000
Arbeidsmiljøtiltak og kompetanseløft	45 000
PR og annonsering	25 000
Reiser og opphald	35 000
Arrangement (nettverk, seminar og brukarråd)	80 000
Prosjektadministrasjon	10 000
Utvikling nettsider: Integrering av oversikt og kalender	50 000
Uføresette kostnader	10 000
Samla	455 000

Vedlegg

Sunnhordland maritime industrihistorie – strategi 2016